
Eller **E**

Herre vår Gud, hjå deg er livsens kjelde. I ditt ljøs ser vi ljøs. I deg er det vi lever, rører oss og er til. Hald oss fast i liv og død i din kjærleik, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

Eller **F**

Gode Gud, du som ser oss og kjenner oss, kom oss nær med di trøyst.

BØN ETTER TALEN

Anten **A**

L Evige Gud, du som vi flyr til når vi sørgjer, ver nær med din fred. Styrk oss i trua. Gjev oss framtid og von. Vi takkar deg for (namnet vert nemnt) og det du gav oss gjennom *hans/ hennar* liv. Miskunnsame Gud, vi overgjev *han/ henne* i dine hender. Du som har skapt oss i ditt bilete og har gjeve oss Jesus Kristus som vår Frelsar, reis oss opp på oppstodedagen til evig liv hjå deg.

Eller **B**

L Jesus Kristus, du som lova å vera med oss alle dagar så lenge verda står, ver du vår styrke og trøyst, vårt ljøs og vår vegvisar. Lat oss alle ein gong ved trua på deg få del i gleda i oppstoda.

Eller **C**

L Evige Gud, himmelske Far, du har i Son din, Jesus Kristus, gjeve oss siger over døden. Vi bed deg, lei oss ved din Heilage Ande, så vi aldri kjem bort frå deg, men lever livet vårt i trua på Son din og eingong når fram til det evige liv i riket ditt, ved Jesus Kristus, vår Herre.

Eller **D**

L Herre Jesus Kristus, du som bar alle våre synder, vi takkar deg for din kjærleik som er sterkare enn døden. Gjev oss del i frelsa som du vann ved din død og di oppstode, og før oss med di mektige hand gjennom liv, død og dom inn til di evige glede.

Eller **E**

L Himmelske Far, vi takkar deg for det du gav gjennom (namnet vert nemnt) som no er gått bort. Styrk og trøyst alle som sit i sorg og saknad. Vi gjev oss over i di sterke hand. Hjelp oss å leva i samfunn med deg, så vi eingong kan fara herifrå i fred, ved Jesus Kristus, Son din, vår Herre.

Etter gravferda

På den fyrste søndagen etter gravferda vil ein i gudstenesta i Sykkylven kyrkje minnast den som er gått bort. Det skjer gjennom at vi reiser oss, navnet blir nevnt og presten ber ei bøn. Seinare i gudstenesta kan ein og tenne lys for den som er gått bort. Pårande er spesielt velkomne til denne gudstenesta, mange opplever det godt å markere ei slik avslutning av den spesielle tida som døden og gravferda er.

Vi prestar er også tilgjengelege etter gravferda. Dersom du ynskjer å snakke med ein av oss, så berre ring oss og gjer ein avtale. Det kan nokon gonger vere godt å ha ein samtale i ettertid.

Kontakt:

Erlend Lunde:

Mobil: 932 25 868, e-post: erlend@sykkylven.kyrkja.no

Simen Elias Nordbrønd Myklebust:

Mobil: 959 30 718, e-post: simen@sykkylven.kyrkja.no

Sykkylven kyrkje

Kyrjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Åpningstider: Alle kvardagar frå kl. 1000 til 1400

Telefon: 70 24 69 00

E-post: post@sykkylven.kyrkja.no

Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no

INFORMASJON OM GRAVFERD I SYKKYLVEN KYRKJE

www.sykkylven.kyrkja.no



Det er Jesus vi forkynner...
så vi kan føra kvart menneske fram til mognad i Kristus



Kol. 1, 28

GRAVFERD



Alt har si tid – også døden. Det knyter seg sterke, og ofte forskjellige kjensler til møtet med døden. Dei fleste har ynskje

om å ta avskjed, ta fram og dele minne. Graferda er viktig for oss, den gjev høve til ein reell, kjenslemessig avskil med den døde, og er ei markering av ei svært viktig hending i familien og vennekrinsen.

I Sykkylven kyrkje ynskjer vi at denne markeringa skal bli best mogeleg for dykk. Difor litt informasjon om gravferda frå oss.

Gravferd frå kyrkja er ei *gudstenesteleg handling* som består av lesing frå Bibelen, bøn, salmar og ein kort tale. Sidan dette er ei gudsteneste, er det gitt retningslinjer om korleis denne handlinga skal vere. Det får ein del konsekvensar for val av songar, korleis minnemarkeringa skal vere osv. (sjå neste spalte). Vi informerer om dette slik at vi saman kan gjere denne handlinga til ei best mogeleg oppleving.

På førehand ynskjer vi prestane å ha ein samtale omkring gravferda saman med dei næraste pårørande. Denne brosjyra er meint som litt informasjon før denne samtalen.

Helsing Erlend Lunde og Simen E. N. Myklebust
Prestar i Sykkylven-Ikornnes

Innhaldet i gravferda

Her er ei kort oversikt over dei ulike ledda i gudstenesta/gravferda:

Klokkeringing
Preludium
Salme
Inngangsord og ”Inngangsbøn”
Minneord og kransepålegging
Salme eller song/musikkinnslag
Skriftlesing
Tale
”Bøn etter talen” og Fadervår
Salme
Postludium

Ved grava:

Salme
Skriftlesing/Bøn ved gravstaden
Jordpåkasting
Nedsetjing
Skriftord og velsigning
Salme

Praktisk om gravferda

1. Salmar i gravferd skal hentast frå Salmeboka, Salmer 97 eller Sangboken. Dersom det er snakk om andre salmar, snakk med presten som skal ha gravferda.
2. Opplesing av kransar/helsingar vert i utgangspunktet gjort berre frå dei næraste pårørande.
3. Minneord og helsingar frå andre enn dei næraste pårørande skal vere korte, ikkje meir enn 10-12 setningar. Vi viser til det prosten i Austre Sunnmøre skriv: "Erfaring viser at næraste familie ofte kan oppleve det som belastande når helsingane blir mange og til dels lange."
4. Det er høve til inntil to solosongar/musikkinnslag i gravferda i tillegg til salmane. Dersom det er to innslag, vil det eine erstatte preludium. Alle innslag skal godkjennast av prest/organist på førehand.
5. På grava vert kista senka etter at presten har hatt jordfestinga.

Val av bøner

Dei pårørande kan velje kva bøner som skal brukast i gravferda, både INNGANGSBØN og BØN ETTER TALEN:

INNGANGSBØN:

Anten A

Frå djupet ropar eg til deg, Herre. Herre, høyr mi røyst! Vend øyra til og høyr når eg tryglar og bed. Dersom du vil gøyma på syndeskuld, Herre, kven kan då verta ståande? Men hjå deg er tilgjeving; difor må vi ottast deg. Eg ventar, ja, vonar på Herren, eg ventar på hans ord. Eg stundar etter Herren meir enn vaktmenn etter morgonen, Venta på Herren, Israel! For hjå Herren er miskunn, hjå han er full utløsning. Herren skal løysa ut Israel frå alle deira synder.

Eller B

Herre, du har vore ein bustad for oss frå ætt til ætt. Før fjella vart fødde, før jorda og verda vart til, ja, frå æve til æve er du, Gud. Du lèt mennesket verta til støv att og seier: «Vend tilbake, de menneskeborn!» For tusen år er i dine augo som dagen i går då han fór framom, eller som ei nattevakt.

Lær oss å telja våre dagar, så vi kan få visdom i hjarta!

Eller C

Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?

Kvifor er du så langt borte frå meg?

Kvifor hjelper du ikkje når eg klagar mi naud?

Eg ropar om dagen, Gud – du svarer meg ikkje, og om natta, men eg finn ikkje ro.

Men, Herre, ver ikkje langt ifrå meg, skunda deg og hjelp meg, du min styrke!

Eller D

Heilage Gud, himmelske Far, du som rår over liv og død, når vi no skilst frå ein av våre kjære, då styrk oss i trua, så vi òg ved grava kan setja vår von til deg.

Herre Jesus Kristus, du trufaste Frelsar, som gjekk gjennom død og grav for oss: Ver hjå oss i vår siste naud og gjev oss eingong å samlast med deg og alle dine i huset åt Far din.

Heilage Ande, du vår trøystar i liv og død, fyll alle sorgjande med di trøyst. Fri oss frå åndeleg død, dra alle til deg og gjev oss å ha vår skatt i himmelen.